

**FORSKRIFT OM FOLKEVALDE
SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG
PERMISJON**

TOKKE KOMMUNE



Vedteke av Tokke kommunestyre i sak 42/23, den 15.06.2023

A. **Generelt**

Reglane for møtegodtgjersle, dekning av tapt arbeidsforteneste og av utgifter som vertet fører med seg, samt rett til permisjon gjeld for alle medlemmer av kommunale utval, styre og råd, samt eventuelt andre som vert valde til å utføre eit politisk verv eller funksjon for kommunen.

Rettane som dei folkevalde har i høve til dette er heimla i lov av 22.juni 2018, nr 83 – kommunelova, kapittel 8.

Dekning av tapt arbeidsforteneste samt kost- og reiseutgifter, gjeld også for kurs, konferansar og andre gjeremål pålagt den enkelte av eit kommunalt organ eller godkjent av ordførar.

Møtegodtgjersle gjeld berre for fysiske møte der organet er lovleg kalla inn og er samla, men tap av arbeidsforteneste kan krevjast også ved fjernmøte (telefon/video).

Det er den folkevalde sjølv som har ansvar for å krevje sin rett etter reglane i dette reglement, samt skaffe den naudsynte dokumentasjon for sine krav. Møtegodtgjersla, telefongodtgjersla og dekning for tapt arbeidsforteneste er skatte- og rapporteringspliktig.

Satsane endrast per 01.01 med grunnlag i ordførar si godtgjersle på same tidspunkt.

Er kommunen i tvil om ein folkevald har krav på ei godtgjersle leggast spørsmålet fram for formannskapet.

B. **Skyss- og kostgodtgjersle**

Medlemer av folkevalde organ får dekt reise- og kostutgifter i samband med møte og oppdrag for kommunen etter staten sitt reiseregulativ. Dette gjeld ikkje ordførar sitt daglege oppmøte på kommunehuset.

C. **EKOM-tenester – telefonordning**

Faste medlemer av kommunestyret, hovudutval og kontrollutvalet får kommunalt nettbrett som nyttast i tråd med: ‘Avtale om bruk av IPAD til politiske møte’.

Folkevalde med kommunal mobiltelefon (ordførar), fylgjer reglement for arbeidsgjevarfinansiert elektronisk kommunikasjon.

Medlemer av formannskapet samt hovudutvalsleiarar som ikkje har kommunal mobiltelefon, får ein årleg kompensasjon lik 2 % av ordføraren si godtgjersle for dekning av telefonutgifter.

D. Ordførar og varaordførar

a. Ordførargodtgjersla.

- i. Ordførarvervet svarar til 100 % stilling, med ei årleg godtgjersle lik 85 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.
- ii. Godtgjersla justerast på same tidspunkt som for stortingsrepresentant – normalt per 01.05 kvart år.
- iii. Godtgjersla inkluderar godtgjersle for andre kommunale verv. Om ordførar også er fast leiar av administrasjonsutvalet vert det gjeve godtgjersle som for hovudutvalsleiar i tillegg.
- iv. Ordførar vert meldt inn i pensjonsordninga for kommunalt tilsette og AFP – jf KS-sak 14/017.
Ordførar på heiltid har dei same rettar som andre tilsette i kommunen, og dette gjeld ut ein ev etterlønsperiode.
- v. Ordførar får etterløn i 1,5 månad om vedkomande gjeng over i nytt lønna arbeid, og i 3 månader om vedkomande ikkje gjeng over i anna lønna arbeid. Etterløn skal avkortast krone for krone mot annan inntekt. Etterløn kompenserer også for tap av feriepengar.
Vert ordførar pensjonist gjevast ikkje etterløn.
- vi. Reglane i hovudtariffavtala for kommunal sektor kap 1, § 10 - Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring gjeld òg for ordførar. Kommunen teiknar forsikring for dette.

b. Varaordførargodtgjersle.

Varaordføraren si godtgjersle er lik 10 % av ordføraren si godtgjersle, og vert regulert på same tidspunkt som ordførar – normalt per 01.05 kvart år. I tillegg får varaordførar møtegodtgjersle for møta i formannskap og kommunestyre, samt for andre politiske råd, nemnder eller utval varaordførar er medlem av.

c. Sjukepengar

Ved sjukdom har ordførar same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen. Varaordførar har rett til si fulle godtgjersle i 3 månader. Etter 3 månader betalar kommunen ut godtgjersle tilsvarande det beløp kommunen får refundert frå NAV.

E. Godtgjersle til formannskapsmedlemer/varamedlemer

Medlemer og varamedlemer av formannskapet får ei godtgjersle lik 2,5 % av ordføraren si godtgjersle pr møte.

F. Leiar av hovudutval

Får ei årleg godtgjersle lik 4 % av ordføraren si godtgjersle. I tillegg får hovudutvalsleiarar møtegodtgjersle for møta i eige hovudutval, kommunestyre og andre politiske råd, nemnder eller utval vedkomande er medlem av.

G. Andre politiske leiarar

Leiar av kontrollutvalet og takstutvalet får ei årleg godtgjersle lik 2 % av ordføraren si godtgjersle, som og dekker møtegodtgjersle i utvalet.
Leiar av eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne får ei årleg godtgjersle lik 1 % av ordføraren si godtgjersle, som og dekker møtegodtgjersle i utvalet.

H. Møtegodtgjersle

- a. For møte i kommunestyret: 0,2% av ordførar si godtgjersle per møte.
- b. For møte i hovudutval: 0,15% av ordførar si godtgjersle per møte.
- c. For møte i takstutvalet, røystestyra, kontrollutvalet og kraftutvalet: 0,1% av ordførar si godtgjersle per møte.
- d. Medlemer av andre kommunale utval og ad hoc-nemnder som ikkje er nemnt under punkt H, a-c, får ei møtegodtgjersle tilsvarende 0,08% av ordføraren si godtgjersle per møte.

I. Dekning av tapt arbeidsforteneste.

Det vert etter søknad gjeve erstatning for tap av inntekt for møte og andre oppdrag på vegne av politiske organ. For oppdrag og møte under 4 timer vert det gjeve halv sats. Tida er inkludert reise til og frå møtestaden.

Hovudregelen er at det må ha funne stad eit faktisk tap av inntekt – dvs trekk i løn.

På linje med faktisk tap av inntekt reknast også når heimearbeidande, studentar, pensjonistar og frilansarar må forsøme sine vanlege gjermål for å utføre vervet.

Pensjonistar må dokumentere faktisk tap av inntekt.

Folkevalde som er lønsmottakarar må legitimere ev tap med stadfesting frå arbeidsgjevar.

Folkevalde med ytingar frå NAV vert rekna på linje med lønsmottakarar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i arbeidsinntekt etter eigafråsegn med minimum ulegitimert sats.

For sjølvstendig næringsdrivande som krev høgare sats enn ulegitimert sats, krevjast likningsattest ein gong pr år - som gjeld for etterfylgjande år, og årsinntekta delast på 230 dagar.

Folkevalde i ulønna arbeid (heimearbeidande, studentar, og frilansarar) får ulegitimert sats når dei forsømmer sine vanlege gjeremål for å utføre vervet. Dette gjeld også deltsarbeidande lønsmottakarar og deltsarbeidande sjølvstendige næringsdrivande på deira heime-arbeidsdagar. Ein sannsynleggjer å ha forsømt sine vanlege gjeremål ved å erklære dette i søknaden.

- a. Ulegitimert tap i arbeidsinntekt:
2,9 % av ordføraren si godtgjersle.
- b. Legitimera tap av inntekt vert dekt fullt ut.

J. **Dekning av andre utgifter i samband med kommunalt verv (t.d. barne-pass, vikar, omsorgsarbeid elles)**

Til dekning av naudsynte legitimerte utgifter som fylgje av vervet vert det gjeve erstatning inntil ulegitimert sats – jf pkt I.a, dvs inntil 2,9 % av ordføraren si godtgjersle.

K. **Folkevalde sin rett til permisjon – kommuneloven § 8-10.**

Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil sei ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærståande i livets sluttfase), 12-12 (militærteneste) og 12-15 (høgtider i andre religionar).

I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til si godtgjersle i vervet som gjeld for tilsette i kommunen.